

## Helsefellesskap

Helsefellesskap er eit av dei store tiltaka i ny nasjonal helse og sjukehusplan 2020-2023 [Meld. St. 7 \(2019–2020\) \(regjeringen.no\)](#)


Den nye helsefellesskapsmodellen er mykje lik den samhandlingsstrukturen som allereie er oppretta i Helse Førde og kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane. Til tross for dette så vil ein sjå på kva vårt område kan ta med seg av gode tiltak frå NHSP inn i vårt nye helsefellesskap. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som fekk mandat til å utforme skissa av nytt helsefellesskap i tråd med føringane i NHSP samt lokale behov.

*Arbeidsgruppa har følgande medlemmar:*

Børge Tvedt	Direktør/Helse Førde
Norunn Stavø	Kommunalsjef/ Kinn kommune
Stein Helle	Kommunalsjef/Askvoll kommune
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege/ Kinn kommune
Elin Sjørbotten	Samhandlingskoordinator
Signe Norevik	Avdelingssjef/ ANNR
Margun Thue	Samhandlingssjef/Helse Førde
Normund Svøen	Praksiskonsulent
Lene Kristin Grønsberg	Brukerrepresentant
Marius Solbakken	Fastlege Stryn kommune
Randi Holsen Solheim	Referent

Pr Januar 2021 er ein kome eit stykke inn i dette arbeidet og status pr no er slik:

Arbeidsgruppa ser at samhandlingsstrukturen slik vi kjenner den er god, og sjølve strukturane treng ikkje gjerast mykje med utover å endre noko på namn og representasjon.



### ARBEIDSDELING I HELSEFELLESSKAP

Brukere og fastleger deltar på alle nivå



Det vil være behov for å sjå på representasjonen i den strukturen som ligg i dag. Ei av satsingane er å involvere brukarane meir aktivt og gjennomgåande representasjon, samt involvere fastlegar gjennomgåande i strukturen.

Ein stor del av utviklingsarbeidet mellom Helse Førde og kommunane er no samanfatta og lagt inn i ei skisse under dei prioriterte gruppene, dette arbeidet vil følgje kommunane og Helse Førde inn i nytt helsefelleskap.

Skrøpelege eldre	Psykisk helse	Born og unge	Pasientar med fleire kroniske sjukdomar
<ul style="list-style-type: none"><li>• Fagnettverk eldremedisin</li><li>• Læringsnettverk, gode pasientforløp.</li><li>• Forbetringutdanning.</li><li>• Primærhelseteam</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Pakkeforløp PHV</li><li>• Læringsnettverk gode pasientforløp.</li><li>• FACT team- NF</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Born og unge si helseteneste.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Storbrukarprosjektet</li><li>• Oppfølgingsteam</li><li>• Medisinsk avstandsoppfølging.</li><li>• Læringsnettverk gode pasientforløp.</li><li>• Forbetringutdanning.</li><li>• Primærhelseteam</li></ul>

Hesledirektoratet har fått 23 oppdrag i gjennomføringa av nasjonal helse og sjukehusplan. Ein finn ei statusoppdatering for 2020 i denne rapporten.

[Hesledirektoratets rapportering på status og fremgang for Nasjonal helse- og sykehusplan for 2020.pdf](#)

## Læringsnettverk gode pasientforløp

KS gjennomfører regionale læringsnettverk for Gode pasientforløp i samarbeid med Folkehelseinstituttet (FHI) på oppdrag for Helse- og omsorgsdepartementet. Målet er å sikre brukarane sitt behov for å møte heilheitlege, koordinerte og trygge tenester.

Gode pasientforløp starta med to læringsnettverk i 2014–2015. Sida 2016 er det gjennomført ytterligare åtte læringsnettverk: Rogaland, Agder, Nordland, Hedmark og Oppland, Oslo, Møre og Romsdal, Ofoten, Troms og Finnmark og Østfold. Totalt har 148 av landets kommunar delteke i Gode pasientforløp for eldre og kronisk sjuke saman med helseføretakene i regionen.

Nasjonalt læringsnettverk for Gode pasientforløp vidareførast i tre nye år for at alle landets kommunar og helseføretak skal få tilbod om å delta (Meld. St. 15, 2017–2018). Medan det tidlegere har vore gjennomført separate læringsnettverk for hh eldre og kronisk sjuke og psykisk helse og rus, vil arbeidet i perioden 2020–2023 omfatte alle vaksne brukarar av helse- og omsorgstenester. Kwart læringsnettverk skal tilpassast lokale forhold.

Arbeidet i Gode pasientforløp er retta inn mot brukarar med samansette behov for helse- og omsorgstenester. Satsinga vektlegg flytting av merksemnda frå å spørje «kva er i vegen med deg?» til «kva er viktig for deg?», og utvikle gode pasientforløp og systematisk tverrfaglig oppfølging.

[Gode pasientforløp - FHI](#)

[Gode pasientforløp - KS](#)

I vårt område har læringsnettverk for gode pasientforløp vore jobba med sidan 2019. Hausten 2020 fekk vi tilbakemelding frå kommunalsjefar i vårt område og Helse Førde at dette er noko vi vil prioritere som felles utviklingsarbeid. Dette i tråd med føringar både i nasjonal helse og sjukehusplan, og reforma leve heile livet. Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT) er med saman med kommunane våre lokalt, og vil støtte opp med oppfølging og vegleiing undervegs.

Læringsnettverket starta opp med fyrste samling 3-4 mars-21. Det var då påmeldt 17 team frå 12 ulike kommunar og Helse Førde. [Vi er i gang! - Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester \(ushtsognogfjordane.no\)](#)

Dette er utviklingsarbeid i tråd med nasjonale føringar og lokale behov.